

NotatDato: 30.12.2016
Arkivsak: 2016/2011-34
Saksbehandlar: ireolse

Til: Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06022 - Austevoll vgs**Rekneskap: 69 218 286,74****Budsjett: 70 000 000,-**Årsbudsjett 2007 – løyving kr 7 000 000,-
Årsbudsjett 2009 – løyving kr 38 000 000,-
Årsbudsjett 2010 – løyving kr 25 000 000,-Fuv 116/08
FT 26/08

Utdrag frå saka:

«På grunnlag av vedtak i fylkesutvalet 28.03.07, i sak nr. 71/07, er det no utarbeid forprosjekt for nytt tilbygg og ombygging på Austevoll Vidaregåande Skule.

Tilbygget har eit bruttoareal på 1413 m2 og ombyggingsarbeidet i eksisterande bygg utgjer 650 m2.

Prosjektet er kostnadsrekna til 70 mill kroner.

3. Areal

Programmert bruttoareal nybygg er omlag 1310 m2 og ombygde areal utgjør omlag 600 m2.

Ved utarbeidelsen av forprosjektet har bruttoarealet auka til 1413 m2 for nybygg og 650 m2 for ombygde areal. Denne auken skuldast i all hovudsak at trong for areal til elevgarderobar og tekniske rom har auka i forprosjektet.

4. Kostnad

I økonomiplan 2008 – 2011 er det satt av 40 mill kroner til utbygging ved Austevoll vidaregåande skule.

Her står det at dette er eit førebels kostnadsoverslag, og i tida etter har vi hatt ein kraftig vekst i byggekostnadane.

I saksframlegget til romprogrammet var det mellom anna sagt at ein først vil ha full oversikt over endeleg kostnad etter tilbodsinnhenting.

Prisauka skuldast i all hovudsak stor aktivitet i byggebransjen og dermed liten interesse blant entreprenørane utanfor kommunen til å rekne på tilbod i Austevoll.

For 3 av entreprisane var det berre ein tilbydar og for 5 av entreprisane var det berre 2 tilbydare.

På denne bakgrunn har derfor kostnadsramma for prosjektet auka til 70 mill kroner.»

Kommentar:

Prosjektet har tatt lang tid å få fullført. Den viktigaste årsaka til dette er at der har vore omfattande reklamasjons- og utbetningsarbeid knytt til dei elektriske anlegga etter at nybygget vart tatt i bruk.

Generelt har prosjektet hatt mindre endringsarbeider og tilpasningar enn venta undervegs, noko som mellom anna skuldast at ein har hatt eit godt samarbeid med skulen i byggefasen. Prosjektet vert no avslutta med eit mindreforbruk på om lag 0,78 million kroner.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport